


Alver kommune

Bergen, 9. juni 2022

Søknad om løyve til helikoptertransport til turlagshytta Kalvedalen i Alver kommune

Bergen og Hordaland Turlag vil med dette søkje om løyve til helikoptertransport til turlagshytta Kalvedalen i Alver kommune. Me ynskjer å søkje om flygeløyve for 3 år om gongen for å redusere papirarbeidet for begge partar. Utflyging er planlagt frå Kvingedal i Masfjorden kommune, og me planlegg å bruke Airlift til oppdraget.



Me har ei årleg forsyning av proviant, ved, gass og anna naudsynt utstyr til turlagshyttene, og returnerer samtidig avfall og tomgods. Det er i praksis ikkje mogeleg å frakta inn desse varene utan bruk av helikopter.

Transporten er enten første eller andre helga i juni, typisk med planlagt transport laurdag og med søndag som reservedag i tilfellet veret er for dårleg for helikoptertransport. Dersom det er dårleg ver heile helga, vert transporten flytta ei veke. Me har mange frivillige plassert på hytta og ved utflygingsstaden, og det er vanskeleg å få nok frivillige dersom me ikkje kan ta transporten ei helg.

Aktuelle datoar for flyging:

År	Alt. 1	Alt. 2	Reserve
2022	11.-12. juni	-	18.-19. juni
2023	3.-4. juni	10.-11. juni	17.-18. juni
2024	1.-2. juni	8.-9. juni	15.-16. juni

Dersom grunneigarar og hyttenaboar i området vil hengje seg på med transport av varer til sine hytter opnar me opp for det. Av miljø- og kostnadshensyn vil me minimere talet på hiv, men for eksempel våt ved eller mange varer for grunneigarar kan føre til større transportbehov år.

Ta gjerne kontakt for meir informasjon.

Beste helsing
Per Arne Aadland
Hyttedrift og organisasjon
Bergen og Hordaland Turlag
per.arne.aadland@dnt.no
Direkte telefon: 92 84 88 44

Bergen og Hordaland Turlag

